



DET KONGELEGE  
JUSTIS- OG POLITIDEPARTEMENT

# Ot.prp. nr. 37

(2001-2002)

---

Om lov om endringer i lov 13. juni 1980  
nr. 35 om fri rettshjelp

*Tilråding frå Justis- og politidepartementet av 15. februar  
2002,  
godkjend i statsråd same dagen.  
(Regjeringa Bondevik II)*

## **1 Om hovudinnhaldet i proposisjonen**

Justisdepartementet legg her fram forslag til endringar i reglane om eigendel i lov om fri rettshjelp. Føremålet med omlegginga er å få eit enklare regelverk og at ordninga med å rekne ut og krevje inn eigendelar skal koste mindre for samfunnet enn det ressurskrevjande systemet ein har i dag. Forslaget inneber at eigendelen skal krevjast inn av den advokaten som har ytt rettshjelpa og ikkje som i dag av Statens innkrevjingssentral.

I samband med lovendringa tenkjer departementet seg endringar i forskrifta om eigendel, slik at dei som får fri rettshjelp i saker utafør domstolane (fritt rettsråd) berre skal betale ein fast eigendel (grunndel). I saker som går for domstolane (fri sakførsel) ser departementet for seg at ein framleis skal betale tilleggsdel om ein har inntekt over ei viss grense, men departementet meiner det då skal setjast eit «tak» på tilleggsdelen. Endringane samsvarar i hovudtrekk med forslaga i St. meld. nr. 25 (1999-2000) Om fri rettshjelp (retts-hjelpsmeldinga), jf. Innst. S. nr. 181 (1999-2000).

## 2 Departementet sitt høringsbrev av 06.09.2001

På bakgrunn av forslaga i rettshjelpsmeldinga utforma Justisdepartementet eit høringsbrev med framlegg til endringar i rettshjelpslova og forskrifta. Brevet blei sendt på høyring hausten 2001 til følgende adressatar:

- Finansdepartementet
- Arbeids- og administrasjonsdepartementet
- Barne- og familiedepartementet
- Sosial- og helsedepartementet
- Fylkesmennene
- Høgsterett
- Lagmannsrettane
- Herreds- og byrettane
- Trygderetten
- RikstrygdeverketStatens innkrevjingssentral
- Forbrukarombodet
- Fylkesnemndene for sosiale saker
- Den norske dommerforening
- Den Norske Advokatforening
- Noregs Juristforbund
- Juss-Buss
- JURK
- Jussformidlingen i Bergen
- Student Jus Hjelpa i Trondheim
- Jusshjelpa i Nord-Norge
- Oslo kommune fri rettshjelp
- Rettshjelpskontoret i Indre Finnmark

Departementet har motteke skriftlege utsegn frå følgende:

- Finansdepartementet
- Arbeids- og administrasjonsdepartementet
- Barne- og familiedepartementet
- Sosial- og helsedepartementet
- Fylkesmennene
- Høgsterett
- Agder lagmannsrett
- Førstelagmannen i Gulating
- Hålogaland lagmannsrett
- Borgarting lagmannsrett
- Oslo tingrett
- Drammen tingrett
- Asker og Bærum tingrett
- Nord-Troms tingrett
- Tønsberg tingrett
- Trygderetten
- Rikstrygdeverket
- Statens innkrevjingssentral
- Den Norske Advokatforening
- Forbrukarrådet

–Juss-Buss

Forbrukarombodet, Fylkesnemndene for sosiale saker, Den norske dommerforening, Noregs Juristforbund, Jurk, Jussformidlingen i Bergen, Student Jus Hjelpa i Trondheim, Jussjelpa i Nord-Norge, Oslo kommune fri rettshjelp og Rettshjelpskontoret i Indre Finnmark har ikkje uttalt seg.

### 3 Framlegg om lovendringar om innkrevjing av eigendel

Reglane om fri rettshjelp blei gitt i lov 13. juni 1980 nr. 35. Fri rettshjelp kan ein få som fritt rettsråd, fri sakførsel eller fritak for rettsgebyr. Grensa mellom fritt rettsråd og fri sakførsel følgjer i hovudsak grensa mellom saker i og utafør rettargang. Rettshjelpslova gjev borgarane krav på fri rettshjelp utan omsyn til inntekt eller formue i nokre sakstypar. I slike saker dekkjer det offentlege alle kostnadene ved saka. I andre saker stiller lova opp økonomiske vilkår for å få fri rettshjelp. Då skal mottakarane betale ein eigendel. Eigendelen er sett saman av ein grunnandel på 300 kroner som alle må betale utan omsyn til inntekt og formue og uavhengig av omfanget av rettshjelpa. Personar som har bruttoinntekt over 70 000-90 000 kroner pr. år (avhengig av forsørgingsbyrde) skal dessutan betale ein tilleggsdel på 25 % av det offentlege sine kostnader til rettshjelpa. Det er høve til å søkje om fråfall av tilleggsdelen.

Ordninga med eigendel slik den gjeld i dag, har virka frå 1. januar 1997 og er heimla i rettshjelpslova § 9 med tilhøyrande forskrift av 22. oktober 1996 nr. 1001 kapittel 2. Det er den myndigheit som har innvilga rettshjelpa som reknar ut eigendelen. I fri sakførselssaker er det domstolane og i fritt rettsrådssaker fylkesmannen som gjer dette. Kravet om eigendel blir sendt til mottakaren av fri rettshjelp saman med ein klagefrist. Dersom vedtaket ikkje blir klaga inn, blir kravet sendt til Statens innkrevjingsssentral. Om ein ikkje betaler, blir kravet driven inn med tvang.

Etter den noverande ordninga får advokaten som har ytt bistand i saka fullt oppgjær frå det offentlege og har ikkje noko å gjere med innkrevjing av eigendelen.

I samsvar med justiskomiteen sine utsegn i Innst. S. nr. 181 (1999-2000), meiner departementet at ein framleis treng ei ordning med eigendelar. Brukarane bør òg vere med å betale for ordninga, sjølv om inntektene frå eigendelane likevel berre utgjer ein liten del av dei samla offentlege utgiftene til fri rettshjelp, sjå om dette nedafor under punkt 4.

Departementet trur at eigendelane har ein viss preventiv effekt. Eigendelane kan virke som ein terskel som kan hindre unødig gjentatt bruk av ordninga med fri rettshjelp og hindre at saker blir meir omfattande enn naudsynt. Eigendelen kan òg oppfordre personar til å vurdere alternative løysingar av det problemet ein har framfor å bruke advokat. Også i andre sosiale støtteordningar - til dømes i helsevesenet - er det vanleg med eigendelar. Det er tradisjon for å nytte eigendelar i andre land som har liknande ordningar med offentlig fri rettshjelp. Både Sverige, Danmark og Storbritannia til dømes har eigendelar.

Systemet med eigendelar som gjeld i dag er vanskeleg og ressurskrevjande og involverer fleire offentlege instansar i ei og same sak. Ordninga er òg komplisert for dei som får rettshjelpa, mellom anna fordi det er vanskeleg på førehand å sjå kor stor eigendelen blir. Det tar òg lang tid frå rettshjelpa blir innvilga til eigendelen blir kravd inn, noko som kan føre til at mottakaren mistar noko av motivasjonen eller evna til å betale.

Kostnadene ved utrekning og innkrevjing av eigendelane er store. Sist ein rekna på kostnadene var i 1998. Då utgjorde dei om lag 5,6 millionar kroner. Kostnadene til arbeidet hos fylkesmennene utgjorde om lag halvparten av dette. Domstolane si handsaming av eigendelar blei rekna ut til å koste om lag 600 000 kroner og hos Statens innkrevjingsssentral gjekk det med om lag 2 millionar kroner. I 1998 gjekk over 60 % av inntektene av eigendelane til administrasjon og innkrevjing. Seinare har inntektene auka noko (sjå nedafør), slik at denne delen truleg er mindre i dag. Likevel kostar ordninga det offentlege mykje pengar. Det er naudsynt med eit enklare system.

I rettshjelpsmeldinga blei det gjort framlegg om at advokatane bør stå for utrekninga og innkrevjinga av eigendelane. Justiskomiteen støtta framlegget og departementet la det fram i høyringsbrevet av 06.09.2001.

*Fylkesmennene, Høgsterett, Agder lagmannsrett, Gulating lagmannsrett, Hologaland lagmannsrett, Borgarting, Oslo tingrett, Nord-Troms tingrett, Trondheim tingrett, Trygderetten, Arbeids- og administrasjonsdepartementet, Sosial- og helsedepartementet, Barne- og familiedepartementet og Rikstrykdeverket* er positive til framlegget om inndriving av eigendelane.

*Den Norske Advokatforening* meiner prinsipalt at ordninga med eigendel bør bortfalle. Foreininga legg vekt på at rettshjelpslova allereie inneheld avgrensingar både med omsyn til sakstypar og søkjaren sine inntektsforhold, og at omsynet til å avgrense etterspurnaden etter rettshjelp gjennom eigenbetaling ikkje har nokon vekt. Foreininga er dessutan mot at advokatane skal drive inn eigendelane. Dei legg vekt på at advokatane vil få tap der klientane ikkje betalar eigendelen og at utrekning og innkrevjing av eigendelane vil gje meirarbeid. Advokatforeininga er redd for at advokatar av den grunn ikkje vil ta på seg arbeid med slike saker.

*Forbrukarrådet* meiner at innkrevjinga av eigendelar er ei offentleg oppgåve som ikkje bør bli lagt på advokatane.

*Juss-Buss* deler dette synet og argumenterer mellom anna med at advokatane må bruke ressursar på innkrevjinga, som betre kunne blitt nytta til å hjelpe andre klientar. Der klienten ikkje har økonomisk evne til å betale, ser Juss-Buss det som uheldig at advokatane må ta risikoen for eit eventuelt misleghald med betalinga. Det blir vidare peika på at ordninga kan føre til at advokatane berre tar oppdrag som inneber liten økonomisk risiko, og at rettshjelpstilbodet då blir svakare for personar med dei lågaste inntektene.

*Arbeids- og administrasjonsdepartementet* meiner at endringane vil lette fylkesmennene sitt arbeid i rettshjelpssaker. Arbeids- og administrasjonsdepartementet peikar likevel på at innsparingane er usikre og spørsmålet om ein eventuell reduksjon i fylkesmennene sine ressursar må bli vurdert i samanheng med den årelange negative utviklinga dei har blitt til del når det gjeld balanse mellom oppgåver og tildelte ressursar.

*Statens innkrevjingsssentral (SI)* finn ikkje å kunne frigjere dei ressursane dei fekk då dei overtok oppgåva med å krevje inn eigendelar. SI viser til endringar i straffeprosesslova frå 1. januar 2000 der høve til å tvangsinn drive straffekrav blei utvida. Innkrevjingsssentralen har ikkje fått auka ressursar til dette arbeidet. SI viser vidare til at dei framleis skal ha ei rolle i ordninga med fri rettshjelp, mellom anna ved inndriving av refusjonskrav, og difor må ha ressursar til å handsame slike krav.

Ut frå det som er kome fram i høyringsrunden, held d e p a r t e m e n - t e t fast ved framlegget i høyringsbrevet. Departementet viser til grunnleggjeringa i høyringsbrevet:

«I stortingsmeldingen ble det foreslått at advokatene bør stå for beregningen og innkrevningen av egenandeler. Justiskomiteen støttet forslaget. Som det fremgår ovenfor er utregning og innkreving av egenandelene svært ressurskrevende. Administrasjonen av innkrevingen kostet i 2000 rundt 550 kroner pr. krav. Behovet for et enklere innkrevingssystem er derfor stort. Departementet ser det derfor som mest hensiktsmessig at advokatene heretter beregner og krever inn egenandelene. Fri rettshjelp er en støtteordning til personer med behov for juridisk bistand. Advokater som påtar seg å utføre oppdrag for klienten er innforstått med at salæret helt eller delvis betales av det offentlige. Advokaten har valgt å påta seg oppdraget og dermed innlede et kontraktsforhold med klienten. Da synes det mest naturlig at advokaten står for innkreving av egenandelen. Egenandelen kan kreves betalt som forskudd. Etter at oppdraget er avsluttet, sender advokaten sitt salærkrav til det offentlige fratrukket egenandelen.»

Departementet legg vekt på at ordninga med eigendel må vere enkel for brukarane. Systemet i dag er lite oversiktleg og involverer fleire instansar i ei og same sak. Det er fleire ledd i sakshandsaminga og kvar enkelt tenestemann må setje seg inn i saka for å rekne ut storleiken på eigendelen og deretter organisere inndringa av beløpet. Det nye systemet med eigendelar som departementet tenkjer seg, sjå punkt 4, gjer det enkelt for advokaten å rekne ut storleiken på eigendelen og informere klienten om betalinga før rettshjelpa blir gitt. Med det nye systemet vil òg eigendelane i mange tilfelle bli lågare enn i dag, og i langt dei fleste sakene (fritt rettsråd) vil eigendelen berre bestå av ein fast sum som advokaten kan krevje betalt samstundes med at han/ho tek på seg oppdraget. Innkrevjing av salær er ein del av advokaten si løpande verksemd og departementet kan vanskeleg sjå at innkrevjinga av eigendelar med det systemet departementet tenkjer seg vil føre med seg meir omfattande merarbeid for advokaten enn det som følgjer av vanleg advokatverksemd. Departementet ser at det i nokre tilfelle kan vere ein viss risiko for at advokaten ikkje vil få inn eigendelen. Difor vil departementet at ein i forskrift skal opne for at eigendelen skal kunne bli kravd som forskudd.

## 4 Andre endringer i reglane om eigendelar

I samband med framlegget til lovendringar om innkrevjing ser departementet behov for endringar i forskrifta om eigendel, slik at systemet blir enkelt. Departementet legg særleg vekt på at reglane skal vere oversiktlege for brukarane, slik at dei på tidspunktet for søknaden kan vite kor stor eigendelen vil bli.

### *Om storleiken på eigendelen m.m.*

Eigendelane er ei kjelde til inntekt til fri rettshjelp. I 1998 blei det budsjettert med 27,3 millionar kroner i inntekter frå eigendelane, medan det blei betalt inn om lag 8,9 millionar kroner. Det dekte i overkant av 4 % av dei samla offentlege utgiftene til fri rettshjelp. I 2000 blei det betalt inn 13,3 millionar kroner og i dei tre første kvartala i 2001 blei det betalt om lag 10,5 millionar kroner. Forklaringa på dei låge inntektene er etter departementet si erfaring mellom anna at mange av dei som får fri rettshjelp har så låg inntekt at dei berre skal betale grunnandel, ikkje tilleggsdel. Tal frå Statens innkrevjingssentral for 2000 viser at det i 54,7 % av fritt rettsrådssakene og 43,6 % av fri sakførselssakene berre blei betalt grunnandel. Gjennomsnittleg blei det i 2000 betalt inn om lag 1200 kroner pr. krav, og ein kan rekne med at 550 kroner gjekk til administrasjon og innkrevjing.

I høyringsbrevet av 06.09.2001 skreiv departementet at det beste ville vere å ha berre ein eigendel fastsett til ein sum, men konkluderte slik:

«Ut fra en samlet vurdering av de ulike hensyn, foreslår departementet at egenandelen bør utgjøre et fast beløp (grunnandel) i rettsrådssakene, dvs. de sakene som løses utenfor rettergang. I sakførselssakene bør dagens ordning opprettholdes med en kombinasjon av grunnandelen og en tilleggsandel som utgjør 25 % av de totale utgiftene i saken utover grunnandelen. Departementet legger her vekt på at mottakeren skal ha egeninteresse i å begrense sakens omfang. I likhet med hva som ble foreslått i stortingsmeldingen om fri rettshjelp bør det imidlertid settes et tak på den totale egenandelen i en fri sakførselssak. Dette taket kan passende settes til 10 ganger grunnandelen for å hindre for store egenandelskrav og sikre forutberegnelighet. Det bør fremdeles være adgang til å søke fylkesmannen om fritak for tilleggsandelen.».

Grunndelen er i dag 300 kroner. I rettshjelpsmeldinga gjorde departementet framlegg om å auke grunn delen til 500 kroner.

I Innst. S. nr. 181 (1999-2000) side 12 slutta justiskomiteen seg til forslaget om å auke grunn delen til eit beløp rundt 500 kroner. Komiteen opna òg for å knytte grunn delen til storleiken på rettsgebyret, pr. i dag 670 kroner.

Etter at rettshjelpsmeldinga blei skrive, har inntektene frå eigendelane auka. Dersom eigendelsordninga blir slik departementet skisserer i denne proposisjonen, må storleiken på grunn delen liggje i overkant av rettsgebyret for at inntektene frå eigendelane skal liggje på same nivå som i dag.

I høyringsbrevet gjorde departementet framlegg om å knytte den faste eigendelen (grunn delen) til den offentlege salærsatsen. Salærsatsen er i dag



735 kroner. Med eit tak på tilleggsdelen på 10 gonger grunndelen, vil maksimal eigendel i saker for retten bli 7350 kroner.

*Fylkesmennene* sluttar seg i hovudsak til forslaget i høyringsbrevet. Nokre embeter meiner at den foreslåtte eigendelen blir for høg sett i forhold til brukarane sine evner til å betale.

*Domstolane* sluttar seg òg i hovudsak til departementet sitt forslag.

*Den Norske Advokatforening* vil som nemnt ikkje ha eigendelar, men støttar subsidiært forslaget i høyringsbrevet om faste eigendelar med eit tak på tilleggsdelen. Foreininga peikar likevel på at beløpa som er foreslått vil bli ei stor belastning for brukarane som gjennomgåande har låge inntekter.

*Forbrukarrådet* gjer uttrykk for nokre av dei same synspunkta som Advokatforeininga. Forbrukarrådet uttalar at omsynet til eigendelar som kjelde til finansiering ikkje bør veie tungt. På bakgrunn av lova sitt formål og brukarane sin økonomiske situasjon meiner Forbrukarrådet at grunndelane ikkje bør bli auka. Forbrukarrådet meiner òg at eigendelane berre i liten grad verkar preventivt og går difor inn for at systemet med tilleggsdelar blir sløyfa. Dersom brukarane må betale tilleggsdel, er Forbrukarrådet for at det blir innført eit tak, men at taket blir sett lågare enn departementet sitt forslag.

*Juss-Buss* meiner at ordninga med eigendelar bør bli fjerna, i det retts- hjelpsordninga ikkje bør vere brukarfinansiert. Dersom det framleis skal vere eigendelar, støttar Juss-Buss departementet sitt forslag, men er usamd i å knytte eigendelen til den offentlege salærsatsen. Dei foreslår at den faste eigendelen blir sett til 1 % av grunnbeløpet i folketrygda, som i dag vil utgjere 513 kroner og at departementet sitt forslag til tak på tilleggsdelen blir på om lag 5000 kroner.

*Drammen tingrett* er skeptisk til tilleggsdel, i det brukarane ofte har svak økonomi. Framfor krav om tilleggsdel reiser tingretten spørsmål om det bør vere eit tak på kor store kostnader det offentlege dekkjer i rettshjelpssaker. Tingretten peikar på at reglane om fri rettshjelp opnar for at personar med små eller ingen inntekter kan føre rettssaker som personar med vanleg økonomi ikkje har råd til.

Etter d e p a r t e m e n t e t sitt syn er det tenleg å knytte eigendelen til den offentlege salærsatsen, fordi salærsatsen sakleg sett ligg nær ordninga med fri rettshjelp. Ein eigendel lik salærsatsen tyder at klienten sjølv betaler den første timen med advokathjelp. Dei argumenta som låg til grunn for framlegget om ein eigendel på om lag 500 kroner, kan ein gjere gjeldande for eit høgare beløp. Dei økonomiske og preventive omsyn tilseier i dag eit noko høgare beløp enn 500 kroner. Departementet legg vekt på at fri rettshjelp er ei offentlig støtteordning. Med ein eigendel som det er gjort framlegg om, vil støtta frå det offentlege likevel utgjere mange gonger dette beløpet i den enskilde saka. Klienten skal ikkje betale meirverdiavgift av eigendelen. Det gjer ikkje klienten i dag heller. Det offentlege dekkjer meirverdiavgifta, som blir betalt til advokaten saman med at han/ho får sitt salær i saka. Departementet har merka seg forslaget om eit tak på kostnadsbruken i saker med fri rettshjelp og vil vurdere spørsmålet i samband med den komande revisjonen av rettshjelpslova.

### *Om inntektsgrensa for tilleggsdel*

I høyringsbrevet blei det ikkje gjort framlegg om å auke inntektsgrensa for kven som skal betale tilleggsdel.

Fleire høyringsinstansar har likevel teke opp spørsmålet og meiner at inntektsgrensa for når ein skal betale tilleggsdel er for låg. *Fylkesmennene* viser til at dei får mange søknader om fråfall av tilleggsdel frå personar med inntekter som ligg noko høgare enn grensa og at mange får heilt eller delvis fråfall av tilleggsdelen.

**D e p a r t e m e n t e t** sluttar seg til det syn som kjem fram i høyringsutsegna, og tenkjer seg ei auke i inntektsgrensa for kven som skal betale tilleggsdel. Som nemnt ovafor i punkt 3, ligg grensa i dag på 70 000, 80 000 eller 90 000 kroner avhengig av forsørgingsbyrda. Inntektsgrensa for å få innvilga fri rettshjelp ble auka frå 1. juli 2001. Grensa blei då sette til 200 000 kroner for personar utan forsørgingsbyrde og 210 000 kroner for personar med forsørgingsbyrde. Tidlegare var grensa differensiert i tre grupper. For å få eit samsvare med inntektsgrensene for å få innvilga fri rettshjelp, finn departementet det rimeleg å sette grensene for å betale tilleggsdel til 100 000 kroner og 110 000 kroner avhengig av forsørgingsbyrde. Departementet kan ikkje sjå at ein auke i inntektsgrensene vil føre med seg ein nemneverdig auke i kostnadene. Departementet legg då vekt på at søknader om fråfall av tilleggsdel frå personar som overstig grensa ofte blir innvilga i dag.

### *Om fritak for tilleggsdelen*

I høyringsbrevet la departementet opp til at det framleis bør vere høve til å søkje om fritak for plikta til å betale tilleggsdel slik som også justiskomiteen gjekk inn for i innstillinga til rettshjelpsmeldinga (innstillinga side 12). Komiteen meinte kravet på eigendel måtte kunne fråfallast «i spesielle tilfelle der det vil være umulig for søkeren å betale en slik». I det utkastet til forskrift som departementet har hatt på høyring, er kriteriet at det må vere «svært byrdefullt» å betale tilleggsdelen.

I høyringsutsegna peikar *fylkesmennene* på at kompetansen til å fråfalle eigendelen bør liggje hos den instansen som har innvilga rettshjelpa, slik at domstolane heretter òg får kompetanse til å fråfalle tilleggsdelane. I dag har fylkesmannen kompetanse til å fråfalle kravet heilt eller delvis.

**D e p a r t e m e n t e t** har merka seg dette, og vil vurdere spørsmålet i samanheng med den komande revisjonen av rettshjelpslova.

## **5 Økonomiske og administrative konsekvenser**

Eigendelane blir no førte som inntekt på kapittel 3470 Fri rettshjelp. Utgiftene til fri rettshjelp blir ført under kapittel 470 Fri rettshjelp. Ei omlegging av systemet for inndrivning av eigendelane vil frigjere offentlege ressursar, utan at advokatane blir pålagt store belastningar. Hos domstolane, Statens innkrevjingssentral og fylkesmennene vil det samla bli innsparingar i storleik 5 til 6 millionar kroner på årsbasis med den fordelinga som er nemnt under punkt 3.

Budsjettmessig vil omlegginga såleis føre til at inntektene frå eigendelane i kapittel 3470 fell bort i staten sitt budsjett og regnskap. På den andre sida blir utgiftene til fri rettshjelp i kapittel 470 redusert. Dersom nivået på eigendelane blir som skissert under punkt 4, vil reduksjonen på kapittel 470 dekkje bortfallet av kapittel 3470.

## 6 Merknadar til dei einskilde lovreglane

### Til § 3

Overskrifta blir endra, og heimelen for å krevje inn eigendel blir teke inn i denne føresegna.

Der det offentlege dekkjer advokaten sitt krav etter lov om fri rettshjelp, skal ikkje advokaten kunne krevje klienten for betaling for same arbeidet med unntak for eigendelen.

I forskrifta om eigendelar vil ein gje reglar om at det berre skal vere grunn- del i rettsrådssaker, medan det i saker for retten både skal vere grunn- del og tilleggsdel. Forskrifta vil fastsetje kor stor grunn- delen og tilleggs- delen skal vere. Forskrifta vil òg ha reglar om eit «tak» på tilleggs- delen, om inntektsgren- ser for tilleggs- delen og om høve til å gje fritak for plikta til å betale tilleggs- del.

### Til § 9

Føresegna blir oppheva og erstatta av den nye ordninga i § 3.

### Til §§ 11 og 11a

Endringane er reine tekniske tilpassingar som følgje av at § 9 blir oppheva. Sta- tens innkrevjingssentral skal framleis krevje inn dei refusjonskrava som er omhandla i §§ 11 og 11a etter dei same reglane som i dag, men reglane om dette blir flytta til eit nytt andre ledd i § 11.

Justis- og politidepartementet

tilrår:

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til pro- posisjon til Stortinget om lov om endringar i lov 13. juni 1980 nr. 35 om fri retts- hjelp.

---

Vi **HARALD**, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r:

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak til lov om endringar i lov 13. juni 1980 nr. 35 om fri rettshjelp i samsvar med eit vedlagt forslag.

## Forslag til lov om endringer i lov 13. juni 1980 nr. 35 om fri rettshjelp

### I

I lov 13. juni 1980 nr. 35 om fri rettshjelp blir det gjort følgende endringer:

§ 3 overskrifta skal lyde:

Godtgjøring for bistand. *Egenandel.*

§ 3 andre leddet skal lyde:

For arbeid som betales av det offentlige, kan det ikke kreves eller mottas annet vederlag av klienten *enn en egenandel som fastsatt i forskrift gitt av departementet.*

§ 9 blir oppheva.

§ 11 første leddet tredje punktum blir oppheva.

§ 11 nytt andre ledd skal lyde:

*Krav som nevnt i første ledd, innkreves av Statens Innkrevingsssentral. Innkrevingsssentralen kan inndrive kravet ved trekk i lønn eller andre lignende ytelser etter reglene i dekningsloven § 2-7. Innkrevingsssentralen kan også inndrive kravet ved å stifte utleggs pant for kravet dersom panteretten kan gis rettsvern ved registrering i et register eller ved underretning til en tredjeperson, jf. panteloven kapittel 5, og utleggsforretningen kan holdes på Innkrevingsssentralens kontor etter tvangsfullbyrdelsesloven § 7-9 første ledd.*

§ 11a andre leddet andre punktum skal lyde:

*§ 11 annet ledd gjelder tilsvarende.*

### II

1. Lova tek til å gjelde frå den tid Kongen fastset.
2. Kongen kan gje nærmare overgangsreglar.

---

---